

Frys ned kreften



Kvart år får 5000 norske menn prostatakraft, om lag 20 prosent av dei som blir ramma døyrt av sjukdommen. Dagens behandlingstilbod kan gje biverknader som urinlekkasje, impotens og redusert tiltakslust.

Mål

Sjekke om cryoimmunterapi har effekt for pasientane som er med i studien. Cryoimmunterapi er ein behandlingmetode som mobiliserer pasienten sitt eige immunforsvar til å angripe kreftcellene. Svulsten blir frossen og immuncellar som på førehand er hausta frå pasienten sitt blod, blir sprøyta inn.

Klinisk utprøving fase 1 studie

Framdrifta av cryoimmunterapien har gått godt. Totalt har 15 pasientar blitt behandla til no. Pasientane er følgd nøye opp. Det pågår omfattande analyser av innsamla pasientdata. Førabels er konklusjonen at der ikkje er uventa bivirkningar. Radiologisk undersøking har vist stabilisert sjukdom for mange av pasientane. Avanserte sekvensanalyser av immunceller viser at immunapparatet lagar nye angrepsmål etter behandlinga. Dette er lovande, og vidare oppfølging og analyser blir gjort.

Klinisk utprøving fase 2 studie

Neste fase vil vere ein såkalla «basket trial» kor pasientar med ulike krefttypar vil bli rekruttert til cryoimmunterapi. Forsking pågår for å forsterke immunresponsen og utvikle boostervaksine.

Finansiering

FORNY2020 midlar frå Forskringsrådet til to midlertidige stillingar på 20% og 100%, Grieg Foundation, B. Friele & sønner, Rederinæringa i Haugesund-regionen, H. Westfal-Larsen, Harbour Grace Shrimp Company, Canada, Havila Holding John Kleven, Olympic Shipholding, REM Offshore, Ulsmo, Per-Odd Keul, Steinar Engeset, Bjørn Paulsen, Vidar Broder-Lund, Helse Bergen og Helse Vest innovasjonsmidlar.

Kontakt

Karl-Henning Kalland, Overlege, Mikrobiologisk avdeling, Laboratorieklinikken.
e-post: karl.henning.kalland@helse-bergen.no

Monica Lislud, Forretningsutvikler, Bergen Teknologioverføring.
e-post: monica.lislud@bergento.com

